



KYSTVERKET



KUNNGJERING

MIDLERTIDIG STENGING AV BRANDANGER-SUNDET VED MONTERING AV BRANDANGER-SUNDET BRU, GULEN KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE FYLKE. SJØKART NR. 24 & 120.

I samband med bygging av Brandangersundet bru, fylkesveg Fv 4 mellom Bjørnøyna ved Fivelsdal og Sandøyna i Gulen kommune, vil sundet i periodar vera stengt mellom 30. august og 14. september (N 60°53,9' E 005°1,5').

Bruelement på 220 m skal transporterast med kranfartya Taklift 4 og 7 frå Sløvågen til Bjørnøyna (brukryssinga), mellom 3. og 10. september. Slep og montering tar om lag 10 timar, og sundet vert midlertidig stengt for båttrafikk denne tida.

BKK vil senke kraftlina over Brandangersundet ved Langøyna (N 60°53,3' E 005°1,8') ned i sjøen måndag 30. august, for at bruelement skal passere, og kraftlina vil verte tatt opp att seinast 14. september. Som vaktbåt på staden nyttast reketrålararen "MS GULASKJÆR", kallesignal LM7651, som vil lytte på VHF-kanal 16.

Område må passerast med varsemnd under arbeidet, og fri seglingshøgde under brua vil etter montering verta 18 meter i 50 meters breidde.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til Skanska v/ Bjørn Morten Bruvik, tlf: 98 21 00 40, eller BKK v/ Kjartan Kallekleiv tlf: 97 53 00 43.

Haugesund, 27.08.2010
Regiondirektøren

www.kystverket.no